

INNTAKSREGLEMENT

- 1 Søknadsfrist til 8. klasse er 1. desember. Søknaden skal leverast på skulen sitt søknadsskjema eller ved å nytta skjemaet som er utlagt på heimesida til skulen. (www.tryggheim.no)
- 2 Følgjande søkjarar blir tekne inn fyrst:
 - i 30% av elevplassane til 8. klasse til dei som søker fyrst
 - ii Born av tilsette ved Tryggheim skular det året eleven skal byrja på skulen.
 - iii Søkjarar som har eller har hatt sysken ved skulen
 - iv Born av foreldre som har vore i misjon/ hjelpearbeid/ utviklingsarbeid utanlands det siste året.
 - v Resten av elevplassane blir tildelt ved loddtrekning der det så langt som det er mogleg, sikrar at kvart kjønn er representerte med minimum 40% i samla inntak.
- 3 Søknader som kjem inn **etter** søknadsfristen, og søknader til ledige plasser i 9. og 10. klasse, blir handsama etter kvart. Ved tildeling av den siste plassen vil me prioritera misjon/ hjelpearbeid/ utviklingsarbeid.
- 4 Dei som tek imot elevplass, må betale eit forskot på skulepengane/ inntaksgebyr, etter gjeldande sats. Dette blir ikkje betalt attende om ein seinare seier frå seg plassen.
- 5 Fylkesmannen er klageinstans når det gjeld elevopptak. Søkjarar som får avslag eller som vert tekne inn, vert informert om klageretten.
- 6 Inntaksreglementet vert fastsett av styret. Søknadsskjema vert utforma av leiar. Leiar avgjer kva for opplysningar skulen skal be om, innanfor det regelverket som gjeld til ei kvar tid.

Ved avgjerd etter desse reglane gjeld forvaltningslova. Avgjerd om inntak er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Klage sendes Fylkesmannen via skulen innan 3 veker. Når det gjeld klage syner me til Forvaltningslova kap VI.